

Lærerik miljødag for fjerdeklassingane

15.05.2012



Klassen veg 580 kilo konstaterer lærar Åse Neset

Eg håpar at dykk har lært noko og at dykk lærar det vidare til andre.
Det sa kommunikasjonsmedarbeidar Janne Hillersøy i SIM då ho hadde proppa 17 fjerdeklassingar frå Uskedalen med miljøkunnskap i dag.
Ho trong ikkje vera bekymra for ni- og tiåringane la både under og etter for dagen at dei veit forbløffande mykje om emnet. Så hade dei også hatt 10 timer om emnet på førehand.



Kvar elev fekk ta med ein gjenbruksting

Vi går rett på svara som Hanna Tvilde og Ida Marie Eidsvik ga då uskedalen.no ville veta kva dei hadde lært:



Janne Hillersøy har 1000 elevar i året

- * Dei hadde lært at overraskande mykje kan brukast opp att , som plast, gummi, papp, papir, metall og glass
- * Dei vart nesten sjokkerte over at folk kastar så mykje som dei kunne ha nytta vidare.
- * Dei lærte at dei bør levere inn att medisiner og elektriske artiklar.
- * Dei var imponert over produksjonen av kompostjord



Her hamnar dei svarte sekkane

Jentene konkluderte med at dei hadde hatt ein veldig god dag og lært
meir enn dei vanlegvis gjer på skulen.

SIM, (som betyr Sunnhordland interkommunale miljøverk) satsar
strekt på oppdragarrola vis a vis dei unge. Janne, som har 10 journalistår
bak seg, har rundt 1000 elevar på 'skulebenken' i året og tek dei med
i anlegg som ber bod om om god organisering.

Dei unge uskedelingane
var innom både den nye og imponerande miljøsentralen
på Heiane og det tidlegare anlegget i Svartasmøget. som framleis er i bruk.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Hanna og Ida Marie med sjokoladekake etterpå